

TEMAER SOM BØR/SKAL INNGÅ I KURSAPPORTEN

1. Faglærers vurdering av gjennomføring

a) Praktisk gjennomføring

i. strukturen på kursopplegget

- i. Strukturen på kursopplegget har stått fast sidan kurset vart halde for fyrste gong i 2008. Det vil seia at ein fyrst har førelesingar, deretter arbeidsgruppeoppgåver og storgruppesamlingar. Det har studentane vore nøgde med, og det har fungert fint læringsmessig. Studentane har jamt over ønskt å ha ei veke etter siste storgruppesamling før eksamen, men det er avhengig korleis det passar med dei mange fridagane i mai, og vil difor variera frå år til år.

ii. forelesningene

- i. Oppmøtet på førelesingane gjekk ned då dei vart digitalisert, sjølv om dei digitaliserte førelesingane vert lagt ut fyrst etter tre veker. Det er uheldig, men ikkje så uheldig at det ikkje vert veg opp for av føremona for studentane med å ha førelesingane tilgjengelege digitalt. Men skulle talet på studentar på førelesingane gå meir ned, må ein vurderer å ikkje lenger leggja ut digitaliserte førelesingar.

iii. brukte oppgaver – både i arbeids- og storgruppen

- i. Omlag halvparten av arbeidsgruppe- og storgruppeoppgåvene vert endra kvart år. Dette for at nye studentar ikkje skal ta over oppgåver frå fjordårets studentar. Dette bidreg til at studentane arbeider med faget, og dermed til auka læring. Det fører òg til meir arbeid for storgruppeleiarane, men ikkje meir arbeid enn dei får godtskrive.
- ii. Elles fekk studentane ei kollokvieoppgåve etter kvar førelesing, og fekk vita at ei av oppgåvene i omskriven form vart ei av tre oppgåver på eksamen. Det gjorde at studentane arbeidde seg gjennom alle oppgåvene, og dermed gjennom heile faget. Dette var nok ei hovudårsak til eit betre karaktersnitt på eksamen enn nokon gong sjølv om den var vanskelegare enn nokon gong.

iv. skriving og kommentering

- i. Studentane skriv lengre og meir gjennomarbeidde oppgåver enn før, utan at eg veit årsaka til det. Men det bidreg definitivt til auka læring. Dei får jamt

over svært gode kommentarar av både storgruppeleiarane og dei eksterne kommentatorane. Det bidreg òg til auka læring.

- v. gjennomføring av arbeids- og storgruppesamlingene
 - i. Det er alltid eit problem at ikkje alle studentane deltek i diskusjonane. Men det er ingen nedgang i deltaking, og dei som deltek har gode bidrag å koma med.
 - vi. eksamen
 - i. Heimeeksamen har vore ein suksess frå fyrste gong den vart halden. Årsaka er at eksamen vert ei forlenging av læringsperioden, og fører til auka innsikt og forståing. Eksamensresultata har vorte jamt betre, og det sjølv om eksamen i år, som alt sagt, var den vanskelegaste nokon gong.
 - vii. samarbeid med administrasjonen
 - i. Samarbeidet er særst godt.
- b) Strykprosent og frafall
- a. Det er knapt nokon som strykt på faget, noko som delvis skuldast at det er ein heimeeksamen, og då kan dei fleste klara å i det minste skriva til ein C. Likevel var det noko som struk i år som i fjor. Det er underleg, men ikkje noko problem.
- c) Karakterfordeling
- a. Sjølv om eksamen i år var vanskelegare enn nokon sinne, var det fleire C'ar og B'ar enn nokon sinne. A, F og E er ganske stabile, medan det var naturleg nok færre D'ar i år. Så lenge dette kjem av auka arbeidsinnsats og læring, så er det for så vidt heilt i orden.
- d) Studieinformasjon og dokumentasjon
- a. Ok.
- e) Tilgang til relevant litteratur
- a. Ok.

2. Faglærers vurdering av rammevilkårene

- a) Lokaler og undervisningsutstyr
 - a. Det er sjeldan kritt og tusjar i førelingslokala.
- b) Andre forhold

3. Faglærers kommentar til studentevalueringen(e) (referansegruppemøtet)

- a) Metode – gjennomføring
 - a. Ok.
- b) Oppsummering av innspill
 - a. Ok.
- c) Ev. underveistiltak
 - a. Ikkje aktuelt.

4. Oppfølging av fjorårets evaluering

Har punkter fra fjorårets evaluering blitt innarbeidet/ført til endringer i årets kurs? Hvis ja: hvordan?

5. Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

- a. Kurset har funne si form og fungerer godt. Men det var nytt av året å gje studentane kollokvieoppgåver som gjer at dei arbeider seg gjennom heile faget, og ein stor suksess, og viser det framleis med ettertanke er mogeleg å gjera kurset betre.
- b. Når ein til neste år får ny og spesialskriven pensumlitteratur i komparativ rett, vil læringsutbytte for studentane auka enno meir.
- c. Det uroar meg at nokre av dei som har vore med på kurset heilt sidan starten, no fell av. Dette fordi det viser at eg ikkje har lukkast å få alle som er med i undervisningslaget til å kjenna ein eigarskap til faget.